

PBL-oppgåve 5. semester
Semesterveke 7

PBL OPPGÅVE "POLYMER"

Du har ein ny pasient som klager over ising i ein 1. molar. Han har vært hos ein annan tannlege for 2 år sidan og fått lagt inn denne fyllinga, men han vil ikkje tilbake da han føler seg utrygg på kvaliteten av behandlinga han er gitt. Ved undersøking finner du ein tannfarga 2. klasse fylling i 16 (MOD), Ved sondering av fyllingskantane syns du fyllinga verkar mjuk og kanskje litt laus.

1. Kva kan ha skjedd og korleis kunne dette vore unngått.
2. Korleis forandrar den mekaniske styrken til ein polymer dersom molekylvekta aukar? Teikn eit spenning-belastningsdiagram for å illustrere dette.
3. Kva er krysskoblingar og kva er fordel og ulemper med polymerar med høg fornetningsgrad/ krysskoblingsgrad?

Ved fjerning av den gamle tannfarga fyllinga finner du ein infraksjon i den bukkale kuspene. Du forslår derfor å erstatte fyllinga med et innlegg som dekker den bukkale kuspene slik at kuspefraktur kan hindrast. Pasienten er einig og du preparer for eit komplisert keramisk innlegg.

Spørsmål til gruppe 1:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *alginat (Vival EF)* som avtrykksmateriale. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?

Spørsmål til gruppe 2:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *polyeter (3M Espe® impregum™)* som avtrykksmateriale. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?

Spørsmål til gruppe 3:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *kondensasjonsilikon (Optosil Comfort, Heraeus Kulzer)* som avtrykksmateriale. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?

Spørsmål til gruppe 4:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *vinyl polysiloxane (Extrude®)* som avtrykksmateriale. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?